



FITJAR

Finansdepartementet
Postboks 808 Dep

0030 OSLO

67/276-70

Dykkar ref:

Vår ref:
2008/967-4005/2008

Sakshandsamar:
Atle Ternes,

Arkivkode:
232

Dato:
02.12.2008

Melding om vedtak/uttale

Vedlagt følger utskrift av sak PS 103/08 – Høyringsuttale om avgrensing av høve til å skriva ut eigedomsskatt til grunnlinjene – handsama i Fitjar formannskap 26.11.2008.

Med helsing

Kristin Meland
Kristin Meland

Likelydande brev sendt til :

Finansdepartementet	Postboks 808 Dep	0030	OSLO
KS	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO

**SAKSFRAMLEGG****Høyringsuttale om avgrensing av høve til å skriva ut eigedomsskatt til grunnlinjene.**

Utval sak	Utval	Møtedato
103/08	Formannskapet	26.11.2008

Vedlegg:

1. Høyringsbrev frå Finansdepartementet dagsett 20 oktober 2008.
2. Kommunenes Sentralforbund (KS) si fråsegn dagsett 2 desember (utkast motteke 7 november).

Samandrag:

Me viser til brev av 20. oktober 2008 der Finansdepartementet presenterer høyringsnotat med forslag om endring av eigedomsskattelova, slik at grensa for kommunane sitt høve til å skriva ut eigedomsskatt i sjøområdet vert trekt ved grunnlina frå skatteåret 2009. Det er sett frist for høyringsmerknader til 2. desember 2008. Fitjar kommune er sterkt uenig i departementet sitt forslag til avgrensing av eiendomsskatteområdet i sjø til grunnlinjene. Kommunen meiner at gjeldende rett medfører at eiendomsskatt kan skrivast ut på faste anlegg og installasjonar ut til territorialgrensa, og vil setja seg imot alle avgrensingar av kommunane sine rettar i sjøområdet. Fitjar kommune vil stø KS si fråsegn fullt ut.

Vurdering:

KS har i si fråsegn gjeve ei grundig vurdering både av Finansdepartementet sitt forslag og andre relevante moment i saka. Rådmannen vil nøya seg med å visa til dokumentasjonen i vedlegg 2.

Fitjar kommune kan trygt innestå for, og slutta seg til dei grunngevingar som KS har gjeve i saka, gjennom utdjuing av nedanståande hovudpunkt (kulepunkt). Sjølv om kommunen tilsynelatande ikkje er direkte berørt av dei foreslåtte endringane, vedrører det fleire grannekommunar, og bidreg generelt til svekking både av instituttet eigedomsskatt og kommuneøkonomien, som på sikt vil slå negativt ut for alle kommunar.

Kulepunkta er henta direkte frå KS sitt dokument, der utdraget fylgjer i kursiv:

Oppsummeringsvis mener KS følgende:

At høyringsforslaget bygger på en uriktig forutsetning om at adgangen til å skriva ut eiendomsskatt i sjøområdet er rettslig usikker

At høyringsforslaget bygger på en uriktig forutsetning om at praksis om utskrivning av eiendomsskatt i sjøen er uentydig

At det vil være prinsipielt meget uheldig dersom kommunene kun gis adgang til å skriva ut eiendomsskatt i deler av sitt territorium

At hensynet til potensielle grensekonflikter mellom kommunene ikke kan begrunne at eiendomsskatteområdet innsnevres

At eiendomsskattens begrunnelse ikke tilsier en avgrensning som foreslått

At forslaget vil føre til en skattemessig forskjellsbehandling av næringsvirksomhet i sjøen og kan åpne for skattemotiverte disposisjoner.

At forslaget vil føre til en vesentlig svekkelse av kommunenes inntektsmuligheter, uten at dette motsvares av en styrking av kommuneøkonomien til andre kystkommuner

At ikrafttredelse med virkning for skatteåret 2009 under enhver omstendighet er for tidlig

Framlegg til vedtak:

Fitjar formannskap handsama saka i møte 26 november 2008, og vil gje fylgjande uttale til Finansdepartementet sitt forslag om endra grense for utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet:

Fitjar kommune er sterkt uenig i departementet sitt forslag til avgrensning av eiendomsskatteområdet i sjø til grunnlinjene. Kommunen meiner at gjeldende rett medfører at eiendomsskatt kan skrivast ut på faste anlegg og installasjonar ut til territorialgrensa, og vil setja seg imot alle avgrensingar av kommunane sine rettar i sjøområdet.

Fitjar kommune stør elles KS si høyringsfråsegn fullt ut.

Behandling i Formannskapet - 26.11.2008:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.


Atle Tørnes
Rådmann

